

# SYNSPUNKT

**SEI MEININGA DI.** Velkommen til distrikts viktigaste møteplass for samfunnsdebatt. Debattinnlegg du ønsker på trykk, legg du inn på [firda.no/synspunkt](http://firda.no/synspunkt). Der kan du også debattere andre sine innlegg. Alternativt sender du e-post til [redaksjon@firda.no](mailto:redaksjon@firda.no)

## LEIAR Kommunen i butikken

**Utvalde butikkar** i Sogn og Fjordane skal vere pilotar i eit nytt prøveprosjekt, Kommunen og nærbukkisen, på initiativ frå Kommunal- og moderniseringssdepartementet. Merkur, eit statleg utviklingsprogram for nærbukkisen i distrikta, jobbar med realiseringa av prosjektet. Ideen er henta frå Post i butikk-ordninga, og tanken er butikkane skal vere eit lokalt informasjonssenter og tilby tenester som nettbank, post, nettsøknader og nettskjema. Butikkene skal vere med i den kommunale beredskapen og kunne yte hjelp i ein naudssituasjon. Dessutan skal butikkene kunne tilby hjartestartar, samarbeide med heimesjukepleia, fungere som eit lokal digitalt tenestetorg, og kunne utføre ei rekke sørvisoppgåver på vegner av det offentlege.

**Målet** er rett og slett at offentlege tenester ein treng i kvarvarden skal bli lettare tilgjengelege for folk i utkantane. Det er også eit mål å gje nærbukkisen, som i seg sjølv er viktige institusjonar i lokalsamfunna, fleire bein å stå på, slik at ein er med på å sikre driftsgrunnlaget deira. Både det offentlege og butikkene kan tene på dette, samstundes som det kjem forbrukarane til gode gjennom å gjøre kvarvarden enklare for mange av dei som bur i utkantane.

**Vi** starten på ei utvikling mot færre og større kommunar. Men etter kvart som kommunane blir større vil også fleire få lengre veg til kommunesenteret, og digitalisering løyer ikkje alle problem. Derfor er det viktig å hauste erfaring med, og få på plass desentraliserte tenestetilbod for utkantane i kommunane. «Kommune i butikk»-prosjektet har eit potensial, og er ein god start i så måte.

### Offentlege tenes- ter ein treng i kvarvarden blir lettare tilgjenge- leg i utkantane

## Tilbake til start

**Liv Signe** Navarsete er skuffa over at politiet har lagt vekk saka om den sjikanerande tekstmeldinga ho fekk av mannlige partifellar på hytteut. Like fullt er det nok rett av politiet å ikkje bruke ressursar på å etterforske den, og det får Senterpartiet ta på si eiga kappe: Sp-leiinga har hatt god tid på seg utan å ha lukkast i finne avsendaren. At politiet skulle makte det no, to år seinare, er meir enn tvilsamt. Derned er saka tilbake der den høyrrer heime: I Senterpartiet. Der er den, ifølge partileiar Trygve Slagsvold Vedum, blitt handsama og avslutta i tråd med partiet sitt etiske regelverk», kva no det måtte innebere. Kven som sende meldinga vil vi kanskje aldri få vite. Men saka ligg der og ulmar, og om nokre av dei impliserte har mista tillit, vil vise seg etter kvart som dei stiller til nye val om verva i Senterpartiet.

## Kjempar framle

### Debatt

**AGNETE SKREDE**

**12. MAI** er den internasjonale ME-dagen. I 2016 starta ME-pasientar ein global demonstrasjon/protest «MillionsMissing» mot den manglende statlege pengestøtta til forsking, kliniske studiar og medisinsk/offentleg opplysing, som fører til at ME-pasientane står utan hjelp. I Noreg var det ein aksjon i Bergen i juni og det var ein aksjon framfor Stortinget i slutten av september. Millionar av ME-pasientar og familiene deira kjempar framleis for likeverdig behandling i 2018 rundt om i verda. Tomme skopar representanter pasientar som så gjerne skulle vore med på aksjonen, men er for sjuke til å delta.

**VÅREN 2016** arrangerte vi ein stor nasjonal ME-konferansen i Stryn. Målet var å bidra til at dei offentlege instansar her i Noreg får auka kunnskap og meir søkelys på ME-saka. Det er på høgtid til å gje ME-pasientane og deira pårørande den hjelpe dei treng. For å kunne gjøre dette, må ein ha kunnskap og forståing for korleis sjukdomen uttarst seg. Eg må seie eg vert skuffa når familiene i spesialhelsetenesta ikkje viser interesse for å oppdatere seg på ny kunnskap om ME. Kommunalsjefar innan helse- og sosial, NAV-tilsette, rådmenn og politiarar er fråverande. Kven har gitt dykk rett til å neglisjere denne pasientgruppa? Kvifor er de ikkje interesserte i helsepolitikk når det gjeld ME? Kvifor ikkje lytte og ta lærdom av den kunnskapen som vert forsøkt å kommunisert til dykk?

**HAUSTEN 2011** hadde TV2 ein større reportasje om ME og forskinga frå Kreftavdelinga ved Haukeland. Nokon statat frå dekninga i TV2 den hausten som seier mykje om livskvalitet og korleis desse pasientane vert møtt har blitt mott: «Når vi har kreftpasiente som er så dårlige som det mange av disse pasientene er, så har de kort forventet levetid igjen. Det sier noe om hvor dårlig livskvaliteten til.

mange er, sier Fluge.» Øystein Fluge er overlege på Kreftavdelinga ved Haukeland. Professor Ola Didrik Saugstad seier til tv2.no «Jeg har sammenliknet behandlingen av ME-syke med den som psykisk syke fikk på 50- og 60-tallet da de ble lobotomert. Med det prøver jeg å si at de har fått ein veldig dårlig og en ytterst kritikkverdig behandling».

«**Kvifor er de ikkje interesserte i helsepolitikk når det gjeld ME?**»

**SITAT FRÅ** Nancy Klimas, Professor i immunologi ved University of Miami, til The New York Times i 2009: «HIV-pasientene mine er stort sett friske og raske takket være tre tiår med innsats og glimrende forsking, og investeringer på milliarder av dollar. Mange av CFS-pasientene mine derimot er forferdeleg syke og ute av stand til å jobbe eller delta i omsorgen for sine familiærar. I min klinikks deler jeg tiden mellom de to sykdommene og jeg vil si at hvis jeg kunne velge mellom de to, så ville jeg ha foretrukket å ha HIV». Internasjonalt vert ME/CFS (CFS står for Chronic Fatigue Syndrom) brukt om kvarandre. Sitatet er henta frå boka til Jørgen Jelstad «De Bortgiemte». Jørgen Jelstad har snakka om at alvorgraden til sjukdomen ikkje har gjenspeglia seg i mengda forsking som er gjort. ME-feltet har hatt låg status, og midlane til forsking er låge. I USA svarar 1 år med forsking på MS til 20 år med forsking på ME. MS får over 100 millionar dollar kvarårs til forsking, medan ME får 5 millionar. Det er ikkje betre i Norge.

**KVIFOR KAN** ikkje kommunalsjefar forsøke å få til interkommunal koordinator for ME til dømes, i staden for å skubbe ME-pasientane vekk? Kvifor får ein til interkommunale helseteneste på andre områder? Studiar tyder på at om lag 2 per 1000 innbyggjarar har ME. I likskap med andre sjukdomar finst ME i ulike grader, men i mild grad.

føreset det at funksjonsnivået ditt er nedsett med minst 50 prosent i forhold til då du er frisk. Symptomlista er lang og omfattande om ein er alvorleg ramma.

**METTE SCHØYEN** sa på ME-konferansen i Stryn at kommunane må prioritere denne pasientgruppa. Ho sa ein må tilpassa kartet etter terrenget og ikkje omvendt. Nyleg var det ei sak i Sogn om ein gut som hadde ME og ikkje klarte å vere på skulen. Rektor og helseesystra trudde meir på bygdeslædder om at gutten sat oppe om natta og spelte dataspel, framfor å tru på eit epikrise frå Haukeland som fortalte at gutten hadde ME. Det resulterte i at barnevernet var koppa inn, og familién måtte få oppnemnt ein advokat. Veldig mange ME-pasientar må skaffe seg advokat, grunna vanskelege møte med offentlege tenester; NAV, helsevesen og kommune.

**ALVORLEG SJUKE** pasientar får avslag på seknadar, manglende hjelp og veiledning, klarar ikkje delta på møte, sende inn søknadar, finne fram i julegen av støtteordningane etc. Kven skal hjelpe pasientane når pårørande etter mange års kamp vert utmatta? Når ein bringer på bana tema som BPA, sosisjon og liknande, opplever mange at det vert snakka veldig og ein vert forsøkt pressa inn i det tilbodet den enkelte kommune har. Advokatar meinar det er ein hard inngripen dersom ein forsøker å sette ME-pasientar under vergemål, for ein er ikkje ute av stand til å i varetak sine eigne interesser sjølv om ein har ME og eit lågt funksjonsnivå.

**VI KJEM** inn på temaet som Saugstad sa i foredraget sitt på ME-konferansen i Stryn, at behandlinga av ME-pasientar er eit spørsmål om menneskeretar. Det bryt med kva ein skal og bør kunne forvente av det norske helsevesen i dag. «Det var eit sjokk», seier Ola Didrik Saugstad om møtet med alvorleg ME-sjuke menneske. Pasientane ligg med store smerte og dei sjukaste ligg i ein halvkomates tilstand. Mange har eit sjukdomsbilde foreinleg med ein hjernebetennelse. Og det er

## SKRIV KORT

Innlegg kan bli korta ned.  
Debattinnlegg: maks 3800  
teikn inkl. mellomrom.  
Kronikk: maks 5600 teikn  
inkl. mellomrom.

## FULLT NAMN

Alle innlegg må skrivast under  
med fullt namn.  
Skriv også kva kommune/stad  
du kjem frå, og om du skriv  
som representant for ein  
organisasjon.

## FIRDA

Grunnlagt 1917.  
Partipolitisk  
og økonomisk  
uavhengig avis.

Firda arbeider etter Ver Varsam-plakaten sine reglar for god presseskikk.  
Vi oppfordrar den som meiner seg ramma av urett omtale til å kontakte redaksjonen.



PRESSENS  
FAGLIGE UTVALG

Pressens Faglige Utvalg er eit klageorgan  
nemnt opp av Norsk Presseforbund. PFU har  
medlemmer frå presserorganisasjonane og  
frå allmenta, og behandler klagar mot pressa  
i presseetiske spørsmål. PFU kan kontaktast  
på 22 40 50 55 eller pfu@presse.no.

# Is for likeverdig behandling



**AKSJON:** Den globale aksjonen «MillionsMissing» sette sokelys på sjukdommen ME. Eitt av verkemidla var tomme skopar som representerer pasientar som var for sjuke til å delta i aksjonen. Dette bildet vart teke i Haag i Nederland.

FOTO: PETER DEJONG/AP

netttopp det moderne forsking no ser ut til å avdekkje. ME er ein betennelsetilstand som rammar fleire organ, også hjernen, og immunsystemet er aktivert. Nokre pasientar frisknar til, medan andre blir liggande med store smerten gjennom år. Saugstad trekk fram forskinga til den amerikanske professoren Mady Hornig. Teamet hennar ser på ei rekke prøver frå mange pasientar, både blodprøver, spinalvæske og prøver frå tarmen. Hornig er ein viktig forskar frå USA og ho snakkar om at vi ser ulike undergrupper av ME. Dei forsøker å identifisere undergrupper av ME og sjå om dei kan lære meir om sjukdomen ved å identifisere undergruppene.

**FORSKARAR FRÅ** Sintef og Fafo er i gong med eit nytt samfunnsfagleg forskingsprosjekt «Tjenesten og Meg». Hovudmå-

let med studien er å utvikle kunnskap som skal bidra til å skape gode, offentlege tenester som svarar på behovet til ME-pasientar og deira pårørande. Forskarane vil undersøke den demografiske og sosioøkonomske bakgrunnen til ME-pasientane og familiene deira, møtet med offentlege tenester som skule, helsevesen, NAV, samt frerekosten av ME i Noreg.

**VED UNN** Harstad skal det gjennomførast ein ny stor studie retta mot ME-sjuke. Peter Holger Johnsen er initiativtakar til prosjektet som fekk midlar av forskingsrådet våren 2017. Johnsen er stipendiat for studien om irritabel tarmsyndrom ved medisinsk avdeling UNN Harstad. Der har dei nylig gjennomført ein studie på behandling av irritabel tarmsyndrom med fekal transplantasjon. Gjennom dette arbeidet kom

dei på sporet av at same behandlingsprinsipp også kunne fungere ved ME.

**«Kven skal hjelpe  
pasientane når  
pårørande etter  
mange års kamp  
vert utmatta?»**

**VED OSLO** Universitetssjukehus er dei i gong med Immuno-ME-studien. Formålet med ImmunoME er å forstå sjukdomen ME betre frå eit genetisk og biologisk perspektiv. Dei vil gjere ei grundig kartlegging av gen som er sentrale for immunsystemet for å sjå etter forskjellar mellom ME-pasientar og kontrollpersoner. Dei vil også undersøke frerekost av antistoff hjå ME-pasientane.

**UNIVERSITET I** Bergen skal studere forstyrriinger i energimetabolismen som mogleg faktor i sjukdommekanismen i håp om å betre forstå årsakene til ME. I desember 2016 vart det publisert eit gjennombrot i MEForskinga ved Haukeland Universitetssjukehus. Med utgangspunkt i biobanken har forskningsgruppen gjennomført ei omfattande og detaljert kartlegging av metabolismen (stoffskiftet). Ein studie, delvis finansiert av Kavifondet, tyder på at PDH-enzymet er hemma i ME pasientar, noko som kan forklare både energimangel og auka mjølkesyproduksjon.

**VI TRENG** ei skikkeleg økonomisk satsing på biomedisinsk forsking framover. Dersom ein ikkje investerer, får ein heller ikkje resultat. Når eg har ytra ønske om å bli møtt med respekt og forståing, meinar eg at

ein skal lytte til pasientar og pårørande, vere audijsuk, oppdatera seg på ny kunnskap og forsøke å imøtekome behovet til denne pasientgruppa ut frå fagleg ståstad. Vi har enkelte legar, sjukpleiarar, bioingeniarar, ambulansepersoneLL etc. som gjer ein fantastisk innsats, og det er eg takknemleg for. Det motsette er når ein opplever at mennesk sit med alle piggar ute og forvarar seg sjølv og systemet, utøver arroganse av ein ekstrem kaliber og feilbehandlar så underleg grovt. Sitat frå ein lege: «Åfterda mi kan bygge opp eller undergrave tiltsposisjonen».

**PS:** Grunna min alvorlege grad av sjukdomen ME, er dette innlegget sett saman av ulike notat, sitat og opplevelingar gjennom mange år. Dette har eg fått ein del hjelp til.